



DEN NORSKE KYRKJA

Vinje sokn

ÅRSMELDING FOR VINJE SOKNERÅD 2024

1. SOKNERÅDSARBEIDET

1.a Soknerådet og tilsette 2024

Hovudsaker i 2024:

- Me har overteke brurekrune, dåpskjole til utlån - gitt av bygdekvinnelaget, me har fått på plass ny prosjektor og lydanlegg i Vinje kyrkje og det er fjerna nokre benker fremst i kyrkja, foreløpig midlertidig, men det er søkt om å få fjerna dei permanent mtp plass ved konsertar o.l

Soknerådet har i 2024 vore samansatt slik:

Leiar:	Rigmor Ulvund	
Nestleiar:	Turid Lirhus	Representant trusopplæringsutvalet
Skrivar:	Terje Hole	
Kasserar:	Inge Hole	
Medlem:	Jan Gilbakken	Representant for kyrkjestova
	Margunn Mørkve	Representant Voss kyrkjelege fellesråd
		Representant diakoniutvalet
		Redaksjonsmedlem i kyrkjelydsbladet
1.vara	Thomas Sleen	
2. vara	Kari Johanne Øvstedal	Ansvarleg brurekruna

Geistleg repr.: Arnulf Sandvik

Dei tilsette og frivillige for 2024 har vore:

Organist – 30% stilling sokn)	Ellen Marie Selland Geithung (+ 30% Oppheim sokn)
Kyrkjetenar – tilsett på timar	Trond Olav Neteland (+ Oppheim sokn)
Kyrkjeverje:	Svein Tøsse
Revisor:	Gunn Hommedal Kvitne
Klokkarlag – frivillige	Einar Midthun
soknerådsmedlemer:	Kari Johanne Øvstedal
	Margunn Mørkve
	Rigmor Ulvund

1.b: Møte, kurs og representasjon

- Det har vore halde **9. soknerådsmøter**. Og det vart handsama 29 saker saman med Oppheim sokneråd.

- **Kyrkjelyden sitt årsmøte for 2023** vart halde i Vinje Kyrkje rett etter gudstenesta søndag 10.mars 2024. Det var 19 frammøtte. Margunn Mørkve las årsmeldinga og Anita Elisabeth Rambjørg las årsrekneskapen.

- **Årets fasteaksjon** var tysdag 19.mars. Det kom inn kr. **5.614** – som gjekk til Kirkens Nødhjelp «Håp i en dråpe vann». Det er 4.334 kr mindre enn året før. Konfirmantar, foreldra og soknerådet stod for innsamlinga og oppteljing. Takk til alle som støtta aksjonen.

- **Kyrkjegardsdugnaden** vart halde måndag 13. mai både her på Vinje og på Oppheim. Soknerådet var til stades og deltok. Dei stilte også med kaffi og kaker. Voss Hagelag og Hageland på Voss stilte med sal av plantar og jord. Dugnaden var lyst ut på førehand. Det møtte 15 stk. her på Vinje. Det er mykje kvist som fell frå trea rundt kyrkja vår, og dette gjev svært mykje opplukkingsarbeid. Det vart diskutert på dugnaden om nokre av tre/greiner var modne for felling. Fellestrådet og avdeling for park idrett og gravplassdrift tok ansvar for dette.

- **Internt val 2024** – styret for Vinje Sokneråd gjorde ingen interne endringar for det komande året. Så styret for 2025 vil vera likt som i 2024.

- **Stølsmessi i Tjødnarhovden** vart arrangert søndag 25.august. Vinje sokneråd deltok på dugnad her saman med Oppheim sokneråd og familien Sundsvoll. Det var dårleg ver, men Sigurd Sundsvoll hadde ordna med stort telt, og omn i teltet. Her var god varme og god stemning. Sokneråda stod for maten, og selde både betasuppe, rømmegraut og kaffi og kaker.

- 24. September var heile soknerådet på **felles møte med alle sokneråda i Voss Herad**. Me fekk verta kjende med kvarandre på tvers av sokna, samt møta dei tilsette på kyrkjekontoret og diskutera litt omkring soknerådsarbeidet i dei ulike sokna.
- 13. Oktober vart det halde gudsteneste for **Gullkonfirmantane**. Det møtte om lag 10 stk. til gudsteneste i Oppheim kyrkje, med festsamkoma på Helgatun etterpå. Margunn Mørkve og Kari Johanne Øvstedal stilte som representantar frå Vinje sokneråd.
- Hausthalvåret 2024 auka me opp antal **kyrkjekaffi**, som eit sosialt tiltak for kyrkjelyden vår. Soknerådsmedlemene har meldt seg frivillig til å ta arbeidet med dette.
- Soknerådet er på **Facebook**, og har 448 fylgjarar. Der deler me info om komande arrangement og gudstjenester. Sida deler me med Oppheim sokneråd, og det er tilsette på kyrkjekontoret som administrerar denne saman med leiar for Vinje sokneråd.

1.c Reparasjonar og vedlikehald

- Kyrkja har fortsatt behov for maling og oppatkitting av vindauga. Her er det i løpet av 2024 ikkje gjort noko arbeid, og det handlar utelukkande om økonomi. Det falt ned ei takhelle i løpet av vinteren, og området nedanfor vart ganske fort sperra av og skaden vart ordna raskt.

1.d Tilskot

I 2024 fekk me tildelt kr. 50.000 frå stiftinga **Lars og Gudrun Kjønnagaardsstiftelse**. Av desse var 12.500 kr til konfirmasjonsleir, 18.750 kr til lydanlegg i Oppheim kyrkje, 11.250 kr til kyrkjemusikalsk arbeid og 7.500 kr til fredagsklubben.

2. KYRKJELYDSARBEIDET

2.a Gudstener og kyrkjelydsturar

Det har vore gjennomført 16 gudstener i Vinje sokn.

Fellesgudstener for Vossestrand har vore:

- T-dagane er alltid felles for born i begge sokna.
- Gudsteneste Skjærtorsdag 28.mars på Helgatun
- Pasjonsgudsteneste Langfredag 29.mars i Vinje kyrkje
- Påskekudsteneste 31.mars i Oppheim kyrkje
- Ung messe 9.mai i Oppheim kyrkje
- Konfirmasjonsgudsteneste 25.mai i Vinje kyrkje
- Stølsmesse i Tjødnehovden 25. august
- Hausttakkefest 22.september i Vinje kyrkje
- Gudsteneste Gullkonfirmantar 13. oktober i Oppheim kyrkje
- Ljosmesse 1.desember i Oppheim kyrkje
- Me syng jola inn 08. desember i Vinje kyrkje

2.c Barne- og ungdomsarbeid

VOSSESTRAND BARNEKOR under leiing av Ellen Marie Selland Geithung:

I år har det vore 23 born innom koret. Øvinga varer i 45 min. I vår hadde me 15 min ekstra øving for dei eldste, men i haust har dette falle vekk då det kun har vore eit medlem over 10 år på øvingane. 5 av borna var med på Badnajokken Palmesundag og framførte "Hala og pappa", saman med profesjonelle musikarar. Me har sunge på Omsorgstunet før sommaren, og på ei T-dagsgudsteneste i haust. 1.desember song me på joleverkstaden på Mølstertunet. Me var og med på "Me syng jola inn" i Vinje kyrkje. Elles har me hatt avslutningskonsertar både til sommar og til jol for slekt og vener. Me hadde 33 samlingar i 2024. Det var i snitt 12 born frå Vinje som møtte. Det er ført 17 enkeltpersonar frå Vinje i koret.

BABYSONG av Ellen Marie Selland Geithung

Babysong har som før vore 6 samlingar både vår og haust i kyrkjestova på Oppheim. Med song etterfulgt av ei lita matøkt. I vår var det 4 born, og i haust 5 born som var med. På begge kursa hadde me ei av samlingane på Omsorgstunet.

FREDAGSKLUBBEN av Anja Kristin Slåtten

Fredagsklubben er et trygt kristent tilbud med fokus på inkluderende fellesskap, felles måltid, gode samtalar, andakt, ulike aktiviteter som bordspill, biljard, play station, fotballspel, strikkehjørne og trygge vaksne. Klubben er mobilfri og det fungerer fint. Me deler kvelden i to, og dei yngste 4-6.kl kjem 18 – 20, og dei eldste 8 – 10.kl kjem 20 – 22.00. Vossestrand er velsigna med ein god gjeng frivillige som er veldig positive og stiller opp fredag etter fredag. Utan dei hadde ein ikkje kunne tilby dette tilbodet.

Fredagsklubben støtter misjonsprosjektet 4People som arbeider i slummen og bygger ut barnehjem på Fillipinene. 4People kommer til Fredagsklubben 1 – 2 ganger i året og informerer og viser bilder. Innsamling av klær, leker og fotballutstyr har vært bidraget denne høsten. Det sendes nedover nå i februar. Soknerådet støtter prosjektet. Det har vore klubb 10 gonger i 2024, og det møter mellom 30 og 50 barn og ungdommer kvar gong.

Det er ytra ynskje om ein Fredagsklubb som er ope kvar fredag, men det har me desverre ikkje ressursar til pr i dag.

2.d Trusopplæring

Trusopplæring og anna barne- og ungdomsarbeid.

Her vil Trusopplæringsdagar (T-dagar), konfirmantarbeid, samarbeid med barnehage og skule og det kontinuerlege barne og ungdomsarbeidet vera omtala.

I 2024 har me hatt denne bemanninga innafor undervising i Voss kyrkjelege fellesråd:

- Kateket Rønnaug Skjeldal (100 %),
- Kyrkjelydspedagog Camilla Margareta Velsvik (100%. Gjekk ned til 80% i april).
- Åshild Bøe Karazmi har vore tilsett i 30 % inn mot Mini-Midi Sing, samt 20% fast stilling innan trusopplæring.
- Øyvind Lennard Pedersen (50% sidan april).

I tillegg er mange av dei andre tilsette med i trusopplæringa.

Trusopplæringa har vore prega av mange sjukemeldingar blant dei tilsette dette året.

Me har gjennomført desse **trusopplæringsdagane** i 2024:

- Dåpsamtale og dåp. Starten på trusopplæringa (6 born frå Vinje sokn vart døypt).
- Babysong. (4 born).
- T2 Krølletreff. (3 born= 50% av årskullet). Samarbeid med resten av sokna i Voss.
- T3 Undretur. (5 born= 50 % av årskullet)
- T4 Utdeling av barnebibel. (3 born= 100 % av årskullet)
- T5 Julekrubbeverkstad. (4 born= 50 % av årskullet)
- T6 Heilt førsteklasses. (8 born= 80 % av årskullet)
- T7 Trylleshow med Ruben Gazki. Tema: David og Goliat. (1 born= 50 % av årskullet)
- T8 Trylleshow med Ruben Gazki. Tema: David og Goliat. (8 born= 89 % av årskullet)
- T9 Trylleshow med Ruben Gazki. Tema: David og Goliat. (4 born= 36 % av årskullet)
- T9 Pilegrimstur. (0 born= 0 % av årskullet). I år blei dette ein forkorta versjon, pga. svært mykje regn.
- T10 Kristuskransen. (4 born= 57 % av årskullet)

- T11 Lys Vaken. (5 born= 56 % av årskullet)
- T12/T13 Miljøagentar. (12 år: 6 born= 67 % av årskullet. 13 år: 0 born= 0 % av årskullet)
- T14 Intro til konfirmasjonstida. (7 ungdomar= 88 % av årskullet)
- T15 Konfirmasjon (10 ungdomar= 111 % av årskullet)
- T16 Milk. (1 ungdom= 17% av årskullet). Samarbeid med resten av sokna i Voss.

Årskull = døypte born, medlemmer i kyrkja (ikkje alle born som er fødd i året).

Tala som her er førte er born frå Vinje sokn. Oppheim sokn er ført for seg sjølv.

Refleks Ten Sing - hadde 41 samlingar. Det var i snitt 2 ungdomar frå Vinje som møtte.

Det var 1 ungdom frå Vinje som deltok på konfirmantleirlearkurs, og som var leiar på leir på Helgatun.

2.e Konfirmasjon og konfirmantleir

Det var 14 konfirmantar i fjor, av desse tilhøyrer 9 Vinje sokn i 2024.

Konfirmantane reiste på konfirmasjonsleir til Hermon høytjellssenter 15.- 17.mars. Dette er ei viktig kombinasjon av undervisning og sosial aktivitet som vonaleg er eit varig minne frå konfirmanttida. Arnulf Sandvik og Anja Slåtten var med som leiarar.

2.f Kyrkjelydsbladet

I 2024 er det gitt ut 4 nummer av Kyrkjelydsbladet. Representant frå Vinje sokn har vore Margunn Mørkve.

3. TENESTER FOR KYRKJELYDEN

3.a Dåpskjole. Oppheim sokneråd har dåpskjole til gratis utlån for alle born tilhøyrande Vossestrand.

3.b Brurekrune. Ingeborg Tveite brurekrunelag etablerte nytt styre i 2024; ein representant frå Det norske misjonsselskap, ein frå Myrkdalen bygdekvinnelag og ein frå Vinje sokneråd. Det norske misjonsselskap foreslo å gje brurekruna til Vinje Sokneråd og oppløyse legatet.

Soknerådet sa ja takk til gåva, og legatet er no oppløyst. Den flotte brurekruna er til utleige, så ta kontakt med eit av bygdekvinnelaga på Stronde om du eller nokon du kjenner ynskjer å vera krunebrur! Me vonar mange ynskjer å gifta seg i bunad framover.

Soknerådet vil takka alle kyrkjeleg tilsette og friviljuge medhjelparar for flott innsats og godt samarbeid i 2024.

Rigmor Ulvund, leiar

Rekneskapssamandrag 2024 – Vinje sokneråd
Folio konto 3578 31 11487

Inntekter		2024		2023
Offer eigen konto	Kr	4 818,50	Kr	7 109,70
Offer musikalsk arbeid	Kr	5 017,50	Kr	7 233,90
Offer til konfirmantarbeid	Kr	6 338,75	Kr	2 823,50
Ofringar til utanfor soknet	Kr	20 870,22	Kr	26 631,05
Offer Fredagsklubben	Kr	1 488,00		
Offer julekonsert	Kr	1 735,50	Kr	1 329,75
Klokkartenester, innbet for 2024 kjem i 2025	Kr		Kr	4 695,68
Barnebiblar trusoplæringa 2022 frå legatkonto	Kr		Kr	1 272,00
Delt overskot salg av jubileumsbok	Kr		Kr	7 238,03
Tilbakebetalt lån til honorar kyrkjemusikalsk 2022	Kr		Kr	8 000,00
Støtte frå LGKS til prosjektor i Vinje kyrkje	Kr		Kr	53 500,00
Bøsse aksjon	Kr	5614,00		
Bok sal	Kr	394,00		
Renter	Kr	517,00		
<u>Sum</u>		<u>46793,47</u>		<u>119833,61</u>
Utgifter		2024		2023
Overføringar ofringar utanfor soknet		32745,46		15 749,66
Overføringar ofringar til konfirmant undervisning	Kr	7752,75	Kr	2 823,50
Overføringar ofringar til musikalsk konto	Kr	9651,50	Kr	8 339,15
Overføringar offer fredagsklubben	Kr	1448,00	Kr	
Annonser	Kr	4967,28		
Div. Utgifter soknet	Kr	2293,55	Kr	2 606,10
Div. Utgifter gudstjenester	Kr		Kr	1 116,80
Div. Utgifter dugnad	Kr		Kr	188,60
Brure og barnebiblar	Kr		Kr	2 160,00
Blomehelsingar klokkekarlag og frivillige	Kr	1128,43	Kr	669,70
Kjøp av juletre	Kr	9113,00	Kr	
		69099,97	Kr	33 653,51
Saldo 01.01.24	+	126833,29		
Inntekter	+	46793,47		
Utgifter	-	69099,97		
Saldo 31.12.24	Kr	104526,79		
Underskudd 2024		-22306,5		

Rekneskapsamandrag Kapitalkonto Vinje sokneråd 2024

3578 50 35265

Inntekter		2024		2023
Renter	Kr	950,00	kr	646,00
Sum	Kr	950,00	kr	646,00
Saldo 01.01.24	Kr	30638,61		
Overskot	Kr	950,00	Saldo 31.12.24	Kr
				31588,61

Rekneskapssamandrag Vinje og Oppheim sokneråd
Strandaklang 3578 50 35265

Saldo 01.01.2024

Saldo 31.12.2024

Inntekter

2024

2023

Arrangemang

2098,00

Renter

Kr 2 098,00

Kr

646,00

Sum

Kr 4 196,00

Kr

646,00

Inntekter 2024

Kr 4 196,00

Utgifter 2024

Kr 0,00

Overskot 2024

Kr 4 196,00

Kr **66 243,42**

Kr **70 439,42**

Rekneskapssamandrag Vinje og Oppheim sokneråd
Kyrkjemusikalsk arbeid 3578 50 39783

Inntekter	2024	Kr	2023
		Kr	
Offer frå Vinje kyrkje	Kr 2 651,50	Kr	8 339,15
Offer frå Oppheim kyrkje	Kr 1 929,00		3 839,52
Honorar til Barnekoret julekonsert 2022	Kr		364,00
Tildelt midlar LGKS	Kr 11 250,00		
Overførte midlar frå Vinje sokn Folio konto	Kr 7 000,00	Kr	
Overførte midlar frå Oppheim sokn	Kr 21 332,00	Kr	
Betaling for mat avslutning barnekoret 2023	Kr		820,00
Renter	Kr 677,00	Kr	73,00
Tilbakebetalt ubrukt utteke kollekt til betaling julekonsert	Kr 234,00		
	Kr 45 073,50		13 435,67

Utgifter

		Kr	
		Kr	
Honorar speleing	Kr 15 952,00	Kr	10 042,00
Tilbakebetalt midlar frå Vinje sokn	Kr	Kr	8 000,00
Div utgifter barnekor	Kr 8 612,77		
	Kr 24 564,77		18 042,00

Inntekter 2024 Kr **45 073,50**

Utgifter 2024 Kr **24 564,77**

Overskot 2024 Kr 20 508,73

Saldo 01.01.2024 Kr **4 441,29**

Saldo 31.12.2024 Kr **24 950,02**

Sum

Rekneskapssamandrag Vinje og Oppheim sokneråd

Rekneskapssamandrag 2024 Vinje og Oppheim Sokneråd
Legatkonto 3578 50 36261

Inntekter	2024	2023	Kr
			Kr
Gåvemidler frå Lars og Gudrun Kjønnegaards stiftelse	Kr 50 000,00	Kr 30 000,00	
Innbetaling konfirmant Leir Hermod	Kr 14 000,00	Kr	Kr
Støtte til konfirmantleir frå Vossestrand indremisjon	Kr 8 666,00	Kr 6 061,00	
Renter	Kr 3 788,00	Kr 3 167,00	Kr
Sum	Kr 76 454,00	Kr 39 228,00	Kr

Utgifter

Barnebiblar	Kr 995,00	Kr 2466
Konfirmantleiren Hermod	Kr 44 430,40	Kr 21360
Overføring Oppheim sokn mrk lydanlegg	Kr 18 750,00	Kr
Overføring Oppheim sokn fredagsklubben	Kr 7 500,00	Kr 20000
Overføring kyrkjemusikalsk konto	Kr 11 250,00	Kr
Overføring midlar til prosjektor i Vinje kyrkje		<u>53500</u>
Sum	Kr 82 925,40	Kr <u>97326</u>

Inntekter 202476

454,00 Utgifter 2024-82

925,40

Underskot 2024-6471,40

Saldo 01.01.2024123275,67

Saldo 31.12.2024**116804,27**

Legatkonto har øyremerka midlar fodelt slik:

Oppheim sokneråd har øyremerka midlar frå
Lars og Gudrun Kjønnegaards stiftelse kr 31 500 til
lydanlegg, kr 20 000 til fageleg hjelp til istandsetjing av
antikk altering og kr 22 000 til prosjektor.
Konfirmant leir og T-dagar 43 304 kr.

Rekneskap konfirmantkonto 3578.16.04079, Oppheim sokn 2024

Inntekter		2024		2023	
Ofringar		kr	19 194,65	kr	
9 072,50	Renter			kr	191,00
237,00					kr
Sum inntekter		kr	19 385,65	kr	9 309,50
Utgifter					
Varekjøp		kr	1 240,99	kr	
1 384,88	Bilete				kr
1 815,00	Roser				kr
400,00	Undervisningsmateriell			kr	700,00
800,00	Gullkonfirmanter, middag	kr	825,00		kr
	Tilbakeført til Vinje sokn, dobbel ofring			kr	
7 752,75	Gåve til fredagsklubben				
	kr	25 000,00			
Sum utgifter		kr	10 518,73	kr	29 399,88
Resultat:					
Sum inntekter		kr	19 385,65	kr	
9 309,50	-Sum utgifter			kr	10 518,73
kr	29 399,88				
= Overskot/underskot		kr	8 866,92	kr	-20 090,38
Saldo pr. 31.12					
Inngående saldo 01.01		kr	33 804,52	kr	
53 894,90	+/- Årets overskot/underskot			kr	8 866,92
kr	-20 090,38				
Utgående saldo 31.12		kr	42 671,44	kr	33 804,52

Rekneskap Fredagsklubben 3578.50.29400, Oppheim sokn 2024

Inntekter:		2024		2023	
Ofringar		kr	4 444,35	kr	
3 818,00	Gåver / støtte			kr	17 500,00
kr 59 000,00	Frivillig betaling til fredagsklubben				
kr 246,25	Renter			kr	1 605,00
kr 383,00					
Sum inntekter		kr	23 549,35	kr	63 447,25
Utgifter:					
Varekjøp mat		kr	5 622,89	kr	
3 462,71	Varekjøp utstyr			kr	7 493,60
	Varekjøp inventar				kr
9 001,80	Overført innestående før 03.10.23 til bruksk				kr
8 132,92	Kjøp fryser			kr	995,00
Sum utgifter		kr	14 111,49	kr	20 597,43
Resultat:					
Sum inntekter		kr	23 549,35	kr	
63 447,25	-Sum utgifter			kr	14 111,49
kr 20 597,43					
= Overskot/underskot		kr	9 437, 86	kr	42 849,82
Saldo pr. 31.12					
Inngående saldo 01.01		kr	50 982,74	kr	
8 132,92	+ /- Årets oveskot/underskot			kr	9 437,86
kr 42 849,82					
= Utgåande saldo 31.12		kr	60 420,60	kr	50 982,74